



VELKOMMEN SOM MEDARBEIDAR PÅ DYRSKU'N 2018

Dyrsku'n legg stor vekt på at vi alle er ein del av vertskapet og at alle ledd er like viktig for å sikre gode opplevingar av besøket på Dyrsku'n. Våre gjester skal bli møtt av eit hjelpande og hyggeleg vertskap, anten dei søker informasjon eller har andre spørsmål.

Vi er alle tannhjul i det store samarbeidsprosjektet Dyrsku'n. Det å vera gode ambassadørar er derfor viktig for at vårt publikum vil koma tilbake til oss. Husk: Positivitet og smil smittar☺!

VAKT, PARKERING OG INNSJEKK

- ✓ Vakt- og beredskapskontoret er i Raulandshytta, her er det bemanna frå torsdag kl. 16.00 til søndag kl. 21.00.
- ✓ Dugnadsmannskap får fri parkering mot å vise vaktliste. Parkering skal skje på blått felt S1, nedre del av Nilsenjordet vest for Dyrskuplassen. Parkering på andre parkeringsområde medfører ordinær betaling.
- ✓ Medarbeidarar frå lag og organisasjonar sjekkar inn via innsjekkpunkt v/Storstogo. Du er på eit betala oppdrag for Dyrsku'n, derfor forutset vi at du møter godt forberedt til oppgåva. Set deg inn i kor du skal jobbe og instruksen for oppgåva **SKAL** vera lest på førehand.

VERTSKAP OG TRIVSEL

- ✓ Vi er alle vertskap under arrangementet. For å kunne svare på spørsmål frå publikum – bruk vertskapsboka og Dyrskuappen som eit oppslagsverk. Boka får du ved innsjekk, på vaktkontoret eller på informasjonen.
- ✓ Det er viktig for oss at våre gjester får så god oppleving som mogleg, derfor brukar vi store ressursar på å halde det reint og ryddig på plassen. Det er forventa at du hjelper til med dette, og plukkar med deg det du går forbi av rot og søppel. Meld elles frå til drift.
- ✓ Er det episodar som skaper uro og problem – ro med situasjonen. Kontakt din overordna eller vaktene på plassen.
- ✓ Ser du personar som treng hjelp og råd frå sanitet, vis dei til eller kontakt vakt- og beredskapskontoret i Raulandshytta.
- ✓ Informasjonen er møteplass for born som har kome bort frå foreldra.

HMS/INTERNKONTROLL

- ✓ Dyrsku'n Arrangement AS har eit etablert HMS system og alle skader på personell eller utstyr skal rapporterast til HMS ansvarleg Unni Eek eller vakt- og beredskapsleiar Nils Tore Haugland. Avvik blir registrert og følgt opp.
- ✓ Alle leiarar er ansvarleg for å rapportere uhell/ulykker. Oppdagar du andre uheldige forhold på din arbeidspost eller på Dyrskuplassen generelt – meld frå.

BEREDSKAP OG TRYGGLEIK

- ✓ Alle medarbeidarar er med i beredskapsorganisasjon for Dyrsku'n, og vi må alle ha fokus på å førebygge t.d. ulykker og vera budd på å bidra dersom det skjer alvorlege hendingar.
- ✓ Dyrsku'n har utarbeida ein omfattande beredskapsplan. Det er viktig at alle kjenner dokumentet og set seg inn i dei forskjellige kapitla. Vaktleiarar er ansvarlege for at dette blir gjort.



DYRSKU'N
ARRANGEMENT

VIKTIGE TELEFONAR

Alle Dyrskumedarbeidarar må kjenne til kvar eller korleis ein kjem i kontakt med lege, ambulanse, brann og politi. Dei som har radio melder direkte på denne, andre kan ringe;

Vakt- og beredskapskontoret Raulandshytta - sanitet, lege, brann 91 74 90 88

Brann Nødnummer	110	
Politi Nødnummer	112	
Ambulanse Nødnummer	113	
Brannvernleiar	91 54 59 99	Kjetil Hagen
Informasjonen	35 06 57 86	Jane Rue
Vakt/beredskapsleiar	41 68 81 80	Nils Tore Haugland
HMS-ansvarleg	97 06 34 34	Unni Eek
Vakt- og Beredskapsansvarleg	90 65 10 11	Geir Helge Espedalen
Driftsleiar	95 10 63 33	Morten O. Dyrud
Politi	02800	
Seljord Lensmannskontor	35 06 56 38	

Saman skal vi gjere Dyrsku'n 2018 til den beste så langt!